



Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2017

Sluttrapporten skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....

Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Namn på arrangement	Minnemarkeringsarrangementet Etertankens Dag
Tidspunkt for arrangement	19. januar 2017
Namn på mottakar av tilskotet	Etertankens Dag Hordaland
Adresse og postnr.	Agnes Mowinckels Gate 5, 5008 Bergen
Postnummer og poststad	Postboks 7900, 5020 Bergen
Epost	nestas@tryggtrafikk.no
Kontonummer	
Organisasjonsnummer	996 632 873
Kommune	Bergen
Tilskotssum	100 000,-
Evt. eigenandel	180 000,- (jf. tidlegare innsendt oversikt)
Totalkostnad	280 000,-

Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

Arbeidet har vorte gjennomført i regi av stiftinga Etertankens dag med god representasjon frå ei rekkje andre aktørar, som Statens vegvesen, NAF, Bergen kommune, Trygg Trafikk med fleire. Planleggings- og koordineringsarbeid har teke mykje tid i perioden oktober 2016-januar 2017, og har vore fordelt mellom fleire personar og etatar/organisasjonar. Sjølve arrangementet vart gjennomført med ei tredeling,

der første del føregjekk ved Amalie Skram vgs, andre del utgjorde eit fakkeltog frå Lille Lungegårdsvann til Korskirken, mens den siste delen fann stad i Korskirken.

Programmet var slik sett opp:

Amalie Skram videregående skole/ADO Arena fra kl.17:00 – 18:00

Her var det talar ved avdelingsdirektør Olav Finne i S.vv., fungerande fylkesordførar Pål Kårbø og distriktsleiar i Trygg Trafikk, Knut Olav Nestås. Det var òg kulturelt innslag frå Bergen kulturskole og mat levert av Beredt ved skulekantina. Om lag 70-80 menneske deltok.

Fakkeltog fra Lille Lungegårdsvann til Korskirken mellom kl. 18.15 – 19.00

Eitt fakkeltog gjekk frå Lille Lungegårdsvann til Korskirken. Deltaking var på nivå med første del.

Korskirken fra kl. 19.00 – 20.00

Talar ved prest Gunnar Erstad og brannsjef Johnny Breivik, blomemarkering og song ved Astrid Aarhus Byrknes og kormusikk i regi av Sola Fide. Det var òg kyrkjevandring og lystenning for dei omkomne. Noko lågare deltaking enn ved føregåande delar av arrangementet.

Det me i ettertid opplever som mest verknadsfullt i eit førebyggingsperspektiv er fakkeltoget, som vart eit synleg element i bygatene. I tillegg stod pårørande fram med sterke historier i Bergensavisen og Bergens Tidende. Arrangementet og tiltaket fekk god omtale også i NRK Hordaland, og med førehandsomtale i Bergens Tidende. Det er difor vår vurdering at arrangementet skapte god synlegheit rundt skadeverknadane ved trafikkulukker, og bidreg til å setje trafikksikring på dagsorden og dermed også kan bidra i førebyggingssamanheng.

Rekneskapsversikt:

Legg ved eit detaljert rekneskap.

Rekneskap	
2017	
INNETEKTER	
Stønad frå FTU	100 000,00
Sum	100 000,00
UTGIFTER	
Ettertankens dag 2017	
Møtekostnader	2 498,00
Annonser	22 800,00
Mat Amalie Skram	12 259,00
Lokal-leige Amalie Skram	1 000,00
Underhaldning Amalie Skram	3 000,00
Kjøll Bergsvik - musikk	3 000,00
Eldholm - pianist i kyrkja	2 500,00

Song i kyrkja	6 000,00
Lyd	16 000,00
Program i kyrkja	1 290,00
Blomar	5 350,00
Faklar	2 580,00
Diverse utgifter	95,00
Sum ettertankens dag	78 372,00
RESULTAT	21 628,00